



Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 06.04.2022 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Til stades: Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Stein Vedvik (for Bergljot) og Anita Øvergård. Ingmund Eliassen møtte ikkje.

Sak 11/22 Fasteaksjonen 2022

Denne blei avvikla 05.04. med Janita som ansvarleg for vårt sokn, ho lager roder og organiserer. Janita etterlyser engasjement frå fleire, også at konfirmantane kan gjere litt meir utav dette – ref andre stader i landet.

Sak 12/22 Konfirmasjon 2022 Ikornnes

Datoen er laurdag 7. mai.

Sak 13/22 Årsrapport frå 2021

Anita har skrive denne – soknerådet godkjende. Denne skal brukast på soknemøtet. Dette skal avhaldast ein gong etter 1. april når rekneskapen er godkjend.

Sak 14/22 Innsetjing av ny prest Ikornnes

Magnar sjekker opp korleis dette skal foregå. Møte med soknerådet i forkant, og så ei markering i ei gudsteneste?

Kan evt. ta det på same tid som vi skal ha soknemøte?

Sak 15/22 Brev frå biskop Ingeborg Nordtømme

Ho oppfordrer alle menigheitene til å gi eit bidrag til den lutherske kyrkja i Ungarn i forhold til at dei mottek mange flyktningar frå krigen i Ukraina. Vi gir beskjed til Arild om å overføre kr 3000.- til dette.

Sak 16/22 Kyrkjedagane 2022 - evaluering

Vi fekk inn kr 86.688.- og har hatt utgifter på ca 6.000.-, så då er det igjen netto ca 80.000.- Tusen takk til alle både private og firma som har bidratt med flotte gevinster!

Litt lite publikum på fredagen, men sporty av både koret og Trio med band å stille opp på kort varsel.

Vi hadde nok kjøttsuppe fredag, og alt for mykje graut laurdag. Ellers ganske greitt med resten... Spesielt med den store oppslutninga på kyrkjekaffien søndag – ca 200 pers deltok!



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Til neste år så ser det ut til at vi må prioritere å få både omtale og annonse i Nyss (sjølv om det er kostbart – skaffe sponsor...)

Sak 17/22 Informasjon vedr staben

Runar Bårnes er sjukemeldt, og han har sagt opp jobben sin. Det er allereie søkt etter erstattar.

Kathrin Notanes Riksheim er ansatt i 1 års vikariat som trusopplærer. Det blir veldig bra!

Sak 18/22 Gospelkonsert med Jon Reidar

Denne må vi satse på å få ta igjen til hausten.

Sak 19/22 Dugnad ute / inne i kyrkja

Mandag 25.04. Kalle inn heile soknerådet inkl. vara.

Sak 20/22 Prioriteringsliste for kommunale prosjekter - økonomiplan 2022

Vi må invitere Arild til neste møtet vårt og få han til å informere om denne, samt budsjett / økonomi / rekneskap.

Neste møte: 18. mai kl 20.00

Anita Øvergård

skrivar